



MØTEPROTOKOLL

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 08.04.2019
Møtestad: Sosialrommet, Turbinen
Møtetid: 11:00 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordfører
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Anneli Vatlø Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Asbjørg Hesjedal	AP	Varamedlem
Rune Iversen	AP	Varamedlem
Karin-Johanne B. Rosvold	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Eirik Haga	AP	Rune Iversen
Heidi Rongved	AP	Asbjørg Hesjedal
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Karin-Johanne B. Rosvold



Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum
Kommunalsjef Samfunnsutvikling Helge Berset
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
16/2019	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
17/2019	GODKJENNING AV MØTEBOK
18/2019	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2019	BRUKARBETALING OMSORG PLUSS
20/2019	OPPVEKSTTUN STAMNES
21/2019	VAKSDAL SKULE - BYGGEPROGRAM OG KOSTNADSRAMME
22/2019	NY ALMINNELEG TAKSERING FOR EIGEDOMSSKATT
23/2019	INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - TILKNYTING TIL LYNTOGFORUM VESTLANDSBANEN OVER HAUKELI
24/2019	INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - KAN VAKSDAL VERTE EIN «HVITE BUSSE» - KOMMUNE?



16/2019: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Val av settevaraordførar:

Framlegg frå Magne Hestad om Arne Normann som settevaraordførar. Samrøystes vedteke

Samrøystes vedtak

KOM - sak 16/2019 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

17/2019: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre

.

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 17/2019 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

18/2019: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Hege Eide Vik ba om at habiliteten hennar vart vurdert i samband med referatsak 3. I medhald av fvl § 6 2. avsnitt vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Referatsak 8 - Oversendingsforslag frå Kjartan Haugsnes, SV:

Livssynsnøytralt - livssynsopent seremonirom.

SV ønskjer at det vert etablert eit livssynsnøytralt – livssynsopent seremonirom i kommunen.

Human – Etisk forbund skriv slik:

«Et felles seremonibygge bør være stilfullt, gjerne en "storstue" for lokalsamfunnet, som kan gi en opplevelse av høytidelighet og verdighet. På innsiden skal seremonirommet kunne forvandles for å imøtekomme ulike behov. På den måten kan rommet brukes til for eksempel gravferd, vigsel, konfirmasjon og navnefest eller dåp for ulike religioner og livssyn.»

Kommunestyret ber administrasjonen legge og dette perspektivet til grunn ved nybygg, men og til utgreiingar i høve bruk og endra bruk av kommunale bygg.

Referatsak 1 - Framlegg frå Magne Hestad, AP:

Kommunestyret ber om at uttale om tannhelse vert send vidare til Stortinget, med endringane som Eldrerådet har gjort.

Referatsak 3 - Framlegg frå Magne Hestad, SP:

Vaksdal kommune lyser ut ein konkurranse for å få skrive ein eigen song for Vaksdal kommune.

Referatsak 2 - Framlegg frå Arne Normann, KRF:

Ordførar tek kontakt med politisk leiing i Osterøy kommune om vidare utspel i saka.

Framlegget vart seinare trekt.

Røysting:

Oversendingsframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegga vart samrøystes vedtekne.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KOM - sak 18/2019 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering med følgjande tillegg:

- Kommunestyret ber om at uttale om tannhelse vert send vidare til Stortinget, med endringane som Eldrerådet har gjort.
- Vaksdal kommune lyser ut ein konkurranse for å få skrive ein eigen song for Vaksdal kommune.

Oversendingsframlegg:

Livssynsnøytralt - livssynsopent seremonirom.

SV ønskjer at det vert etablert eit livssynsnøytralt – livssynsopent seremonirom i kommunen.

Human – Etisk forbund skriv slik:

«Et felles seremonibygge bør være stilfullt, gjerne en "storstue" for lokalsamfunnet, som kan gi en opplevelse av høytidelighet og verdighet. På innsiden skal seremonirommet kunne forvandles for å imøtekomme ulike behov. På den måten kan rommet brukes til for eksempel gravferd, vigsel, konfirmasjon og navnefest eller dåp for ulike religioner og livssyn.»

Kommunestyret ber administrasjonen legge og dette perspektivet til grunn ved nybygg, men og til utgreiingar i høve bruk og endra bruk av kommunale bygg.



19/2019: BRUKARBETALING OMSORG PLUSS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Levekårsutvalet 01.04.2019

Behandling:

Levekårsutvalet ber om ei tilbakemelding vedk. medisinar utover eigenandel og korleis dette er tenkt.

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 11/2019 Vedtak:

Levekårsutvalet ber om ei tilbakemelding vedk. medisinar utover eigenandel og korleis dette er tenkt.

Saka vert elles teken til orientering.

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Magne Hestad stilte spørsmål vedk. medisinar utover eigenandel og korleis dette er tenkt.

Spørsmålet vart og tatt opp i levekårsutvalet i møte 01.04.2019

Kommunalsjef Solrun Hauglum svarte

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM - sak 19/2019 Vedtak:

Saka vert teken til orientering

.

20/2019: OPPVEKSTTUN STAMNES

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019



Behandling:

Framlegg til innstilling frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. *Kommunestyret vil understreke hastemomentet i saka og ber om at oppveksttun Stamnes vert realisert i 2019.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare med alternativ 2: «Justert arealprogram og kostnadsramme innfor rammeavtalar» under forutsetning at det vert gjennomført ein god, prosess saman med referansegruppa.*
3. *Kommunestyret aukar ramma for prosjektet med 500 000 øyremerka uteområde på Stamnes skule.*

Framlegg frå Arne Normann, på vegner av AP, KRF, SP:

Kommunestyret vedtek å oppretthalda dagens ordning med barnehage og skule der dei ligg i dag.

Røysting:

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre - 5 røysta for Arne Normann sitt framlegg (AP, SP, KRF) som vart vedteke.

Saka skal til vidare behandling i kommunestyret.

FPØ - sak 16/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtek å oppretthalda dagens ordning med barnehage og skule der dei ligg i dag.

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Framlegg frå Hege Eide Vik på vegner av AP, KRF, SP:

Ap, Krf og Sp fremjar forslag om å utsette saken. Me ber om ei detaljutarbeiding av planane i alternativ to slik at denne kan presenterast for referansegruppa i prosjektet. Før saka kjem opp att skal referansegruppa ha møte og få ein grundig presentasjon av alternativ 2, og komme med ein uttale til dette. Me ynskjer saka opp att i kommunestyremøtet 17. juni. Me ber også om at kommunestyret får ei synfaring på Stamnes skule denne dagen.

Det vart røysta over utsetjingsframlegget som vart vedteke mot 4 røyster (H, FRP, MDG)

Andre forslag som er fremja i saka fell dermed vekk.

KOM - sak 20/2019 Vedtak:

Saka vert utsett.

Kommunestyret ber om ei detaljutarbeiding av planane i alternativ to slik at denne kan presenterast for referansegruppa i prosjektet. Før saka kjem opp att skal referansegruppa ha møte og få ein grundig presentasjon av alternativ 2, og komme med ein uttale til dette. Kommunestyret ber om å få saka opp att i møtet 17. juni. Kommunestyret ber også om ei synfaring på Stamnes skule denne dagen.



21/2019: VAKSDAL SKULE - BYGGEPROGRAM OG KOSTNADSRAMME

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

- 1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare på innløyising av eigedommane A,B og C som vist på kartet. Kostnaden for dette vert løyst innan total prosjektkostnad. Innløyising av desse eigedommane skal sikre:
a) Auka trafikktryggleik rundt skulen.
b) Større fleksibilitet for tomte og større uteareal
c) Sikre areal om det vert aktuelt å bygge samfunnssal på tomte.*
- 3. Kommunestyret set tal uforutsette utgifter til 10 % som for prosjektet nye Dale barne og ungdomsskule.*

Røysting:

Punkt 1 i framlegget frå Kjartan Haugsnes er identisk med rådmannen sitt framlegg til vedtak. Det vart difor røysta over framlegget frå Kjartan Haugsnes, som vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 17/2019 Tilråding:

- Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.
- Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare på innløyising av eigedommane A,B og C som vist på kartet. Kostnaden for dette vert løyst innan total prosjektkostnad. Innløyising av desse eigedommane skal sikre:

a) Auka trafikktryggleik rundt skulen.
b) Større fleksibilitet for tomte og større uteareal
c) Sikre areal om det vert aktuelt å bygge samfunnssal på tomte.
- Kommunestyret set tal uforutsette utgifter til 10 % som for prosjektet nye Dale barne og ungdomsskule.

Levekårsutvalet 01.04.2019

Behandling:

Levekårsutvalet ber om at ein tenker på ungdomsklubben på Vaksdal og at dei får godtakande lokale, både i byggeperioden og når skulen er ferdig. Levekårsutvalet slutta seg elles samrøystes til tilrådinga frå formannskapet.



LEV - sak 09/2019 Vedtak:

Levekårsutvalet støtter forslaget frå formannskapet og ber om at ein ser til at ungdomsklubben får godtakande lokale, både i byggeperioden og når skulen står ferdig

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Saka vart behandla før sak 20/2019.

Tilleggsframlegg frå Bjørn Øivind Krogsrud på vegner av AP, KRF, SP:

Foreslår nytt pkt4 i formannskapets vedtak :

Kommunestyret ber om at ein ser til at Vaksdal ungdomsklubb får godtakande lokale både i byggeperioden og når ny skule står ferdig.

Tilleggsframlegg, pkt 2, frå Anne Christin Eide på vegner av AP, KRF, SP:

Rådmannen skal prøva å få til ei minneleg løysing med eigarane av naboeigedomane med tanke på innløyising.

Røysting:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Anne Christin Eide samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Bjørn Øivind Krogsrud samrøystes vedteke.

KOM - sak 21/2019 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram og kostnadsramme for ny skule på Vaksdal slik det ligg føre i alternativ A.
2. Kommunestyret ber administrasjonen gå vidare på innløyising av eigedommane A,B og C som vist på kartet. Kostnaden for dette vert løyst innan total prosjektkostnad. Innløyising av desse eigedommane skal sikre:
 - a) Auka trafikktryggleik rundt skulen.
 - b) Større fleksibilitet for tomta og større uteareal
 - c) Sikre areal om det vert aktuelt å bygge samfunnssal på tomta.

Rådmannen skal prøva å få til ei minneleg løysing med eigarane av naboeigedomane med tanke på innløyising.

3. Kommunestyret set tal uforutsette utgifter til 10 % som for prosjektet nye Dale barne og ungdomsskule.
 4. Kommunestyret ber om at ein ser til at Vaksdal ungdomsklubb får godtakande lokale både i byggeperioden og når ny skule står ferdig.
-



22/2019: NY ALMINNELEG TAKSERING FOR EIGEDOMSSKATT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2019, med verknad frå 01.01.2020. Rådmann får fullmakt til å innhente nødvendig bistand til gjennomføring av takseringsarbeidet.

- A. Kommunestyret vedtar å nytte kommunal taksering av alle eigedomar eller
- B. Kommunestyret vedtar å nytte formuesgrunnlag for bustadeigedomar frå Skatteetaten der dette er mogeleg og kommunale taksering for øvrige eigedomar

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 25.03.2019

Behandling:

Formannskapet vedtok samrøystes alternativ A i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FPØ - sak 18/2019 Tilråding:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2019, med verknad frå 01.01.2020. Rådmann får fullmakt til å innhente nødvendig bistand til gjennomføring av takseringsarbeidet.

Kommunestyret vedtar å nytte kommunal taksering av alle eigedomar

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 22/2019 Vedtak:

Kommunestyret vedtar å gjennomføre ny alminneleg taksering i 2019, med verknad frå 01.01.2020. Rådmann får fullmakt til å innhente nødvendig bistand til gjennomføring av takseringsarbeidet. Kommunestyret vedtar å nytte kommunal taksering av alle eigedomar

23/2019: INTERPELLASJON FRÅ TOM CHARLES JOHNSEN - TILKNYTING TIL LYNTOGFORUM VESTLANDSBANEN OVER HAUKELI

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Skal Noreg oppfylle sine forpliktingar i Paris-avtala må utslipp frå transport gå dramatisk ned. Nordmenn flyr over fire ganger oftere innenriks enn svensker og grekere samtidig har me noken av Europas tregeeste langdistansetog. Dette er resultatet av ein særskild dårlig samferdsels-, klima- og miljøpolitikk.



Vaksdal kommune

Norge har idag eit mål om å skape ein fossilfri transportsektor.
Det klarer me ikkje med ein ensidig satsing på fly.
Ikkje minst gjeld dette den omfattande flytrafikken i Sør-Noreg.

Flyrutene Bergen-Oslo og Stavanger-Oslo er blant dei mest trafikkerte i Europa (1).
Flyrutene er i tillegg korte (under 50 mil).
Dette gjev gode konkurranseforhold for lyntog, sjølv med fleire stopp undervegs.

Nordmenn flyr innenriks 10 gonger meir enn andre i Europa og me køyrer nest mest bil.
Difor har me stort behov for meir konkurransedyktig godstrafikk på jernbane.
Intevjuundersøkelser viser at 7 av 10 vil velja lyntog framfor fly (2).
Internasjonalt veljar 80 % lyntog framfor fly ved reisetider på 2 ½ time eller betre.

Totalen på ei ferd fra dør til dør vil endra seg mykje om øyhastighetstog vert innført.
Reisetiden mellom Oslo og dei 3 byane på Sør-Vestlandet blir på rundt 2 timar, ei reisetid som vil vera vesentleg raskare enn med fly. (3).

Transportøkonomisk institutt er inne på noko liknande:

“Nettopp på grunn av all tida som går med til anna, framhevar fleire at tog er eit alternativ på utvalde distansar”

Utgreiinga til Norsk Bane/Deutsche Bahn International (5) viser svært gode drifts- og samfunnsøkonomiske resultat for ein Sør-Vestlandbane over Haukeli som eit flerbrukskonsept for langdistanse-, regional- og godstrafikk:

- I. Positiv samfunnsøkonomisk gevinst med 1,77 kr per investert krone.
- II. Frakt- og billettinntekter dekker drifts- og vedlikehaldsutgifter, saman med nedbetaling av investeringane i løpet av 30 år (165 mrd i 2017 kroneverdi),
- III. Reduksjon av klimautslipp med 752 000 tonn CO2 årlig.
- IV. 17 færre drept, 44 færre hardt skadd og 481 færre lettare skadde årlig.
- V. 1700 færre trailere på vegane kvar dag.

Ein Sør-Vestlandbane over Haukeli vil gje raskare reisetid mellom våre største byar, Det vil òg binda saman Bergensbanen og Jærbanen/Sørlandsbanen i eit samla Intercity nettverk.

Bergen vert då eit knutepunkt for banar i fleire retningar som bind saman Vestlandet og ikkje eit endestopp slik som no.

I Vaksdal vil lyntogsatsing gjere store delar av Vestlandet tilgjengeleg og reisa vil være kort og miljøvennleg.

Ein tur Vaksdal-Odda f.eks, vil vera på under 1 time, omtrent 1/4 del av idag.

Andre døme på reisetider til/frå Vaksdal er:

Haugesund 55 minutt, Stavanger 1 time og 45 minutt, Oslo 2 timar og 40 minutt.

Ein lyntogsatsning over Haukeli koblar Vaksdal saman i eit nett med næringsverksemd, langs heile Hardangerfjorden, resten av Sør-Vestlandet og heilt inn til Oslo.

Om ein har eit ønske om at dagens Bergensbane skal verta raskare, slik dagsaktuelle K5-planar legg opp til, må meir av linja gå i tunnel.

MDG Vaksdal tror ikkje det er lurt om me skal selge tunnelopplevingar i framtida.

Den største inntekten til Bergensbanen er idag turisme.

Me er skeptisk til storleiken på hele K5 og kva for påverknad den potensielt skal få på sentrale delar av kommunen.



Mykje flotte områder er allerede borte både i Vaksdal, og meir er planlagt bort.

Lokalt vil ein Haukelibane kunne ta av for presset og heller legge tilrette for gjennåpning av fleire mindre stasjonar som no er nedlagt på linja Bergen-Voss.

Dagens planar vil totalt endre sentrale oråde på Takvam, Tregereid, Vaksdal, Stanghelle og Dale.

Det er viktig å ta med i debatten rundt Bergensbana at berre 20% av dei som går på eit tog i Bergen eller Oslo skal heilt frem til endestopet.

Faktisk skal heile 80% av før toget har kjørt 1/3 av turen!

Kundegrunnlaget til regionstog på Bergensbana ligger m.a.o. i starten og på slutten av turen.

Medan fly ikkje vil stoppe undervegs,

vil lyntog integrere kommunar og tettstader på vegen mot endestasjonen.

Det bidrar til eit større bo- arbeids- og kompetanseområde langs heile banennettet.

Det er planlagt 2 avgangar per time i kvar retning Bergen–Oslo, Stavanger/Haugesund–Oslo og Bergen–Stavanger.

For me som bur i Vaksdal vil me kunna knyta oss til avgangar i Arna.

Mellom forgreiningspunktet ved Røldal–Oslo, vert det 4 tog i timen.

Ved 16 timar per døgn, gjev det 64 tog i døgnet mellom Vest- og Austlandet.

Til samanlikning er det no til saman 76–80 fly per dag og mellom Vestlandet (Bergen, Haugesund, Stavanger) og Austlandet (Gardermoen og Torp).

I tillegg til framskriven flytrafikk, kjem òg mykje overført biltrafikk.

Kanskje også med høve for å ta bil med deg på togturen i framtida?

Du vil då kunne komme fram til endestasjonen ferdig utkvilt med eigen bil fullt ladet.

Frakttid Bergen–Oslo er oppgjeve til ca. 5 timar, over natta.

Det ville gje folk i Vaksdal ei reisetid til Oslo som er rundt 2 timar raskare enn idag.

Maksimal stigning er på 1,25 % og i hht. til moderne internasjonale standardar.

Dette vil om lag doble lastekapasiteten i tilhøve til dagens Bergensbane (6).

Høgaste punkt på banen vert 645 m.o.h. (Finse, til samanlikning ligg på 1222m).

Dette vil skape ein heilt ny kapasitet, regularitet, fart, kvalitet og konkurransedugleik for gods på bane.

Og vil gje høve for å nå måla om overføring av godstrafikk frå veg over på jernbane.

Då vil me ha gjort mykje bra for klima, trafikktryggleik, redusert veislitasje m.m.

Vestlandbanen vil saman med Bergensbanen verta ein komplementær bane som gjer Bergen og Stavanger til knutepunkt i staden for endepunkt i jernbanenettet.

Noko som òg vil styrkja høva for større transport over jernbane til kontinentet.

Høyhastighetsbaner i eit slikt flerbrukskonsept vil elektrifisera og energieffektivisea store delar av dagens samferdsel, gjennom å overføra fly-, gods- og biltrafikk over på bane. Slikt vil bidra til stor store reduksjonar av klimautslipp.

Samstundes vil det ivareta moderne krav til mobilitet og auke konkurransekrafta for nærings- og samfunnsliv i Vaksdal.

MDG ynskjer å auka tempoet med å realisera høyhastighetsbaner.

Me meiner kommunen kan vera med å bidra i dette arbeidet.

I det sambandet meiner vi det er føremålstenleg for Vaksdal å knyta seg til "Lyntogforumet Vestlandbanen over Haukeli", Forumet består idag av 23 kommunar og rundt 30 føretak/organisasjonar.

Her kan blant anna nemnast Rogaland fylkeskommune som vart med frå januar 2016, Stavanger



Vaksdal kommune

kommune hausten 2017 og Telemark fylkeskommune frå januar 2018 .
Bergen Kommune skal realitetsbehandla saka no i Mars 2019.

Deltakarane i Lyntogforumet minner òg om at prosjektet vil vera positivt for sysselsetjinga i vår region:

“Pga. nedgang i oljeverksemda, er Vestlandet for tida inne i ein utfordrande periode.

Vestlandbane over Haukeli vil bidra til sysselsetjinga og næringsutviklinga på heile Vestlandet både på kort og lang sikt, samstundes som han vil gje store reduksjonar i årlege klimautslipp frå fly- bil- og trailertransport” (7).

Finansiering av arbeidet i Lyntogforumet er lagd opp som eit breitt spleiselag mellom kommunar, fylkeskommunar, føretak og organisasjonar.

For kommunar er kontingenten sett til 25 000 – 100 000 kr per år,

(15 000 kr under 1 000 innb.), fylkeskommunar 200 000 kr og føretak/organisasjonar 5 000 kr.

Medlemmane peikar ut ein representant/kontaktperson, evt. med vara.

Det er lagt opp til ei felles samling i året, medan fylkesvise styrar står for den jamne oppfølgingen i løpet av året.

Det er forresten òg eit lyntogforum i Møre og Romsdal, lyntogforum for Gudbrandsdalen/Mjøsa er under etablering etter einstemmige vedtak i Lillehammer - og Gjøvik Kommune hausten 2018 .

MDG Vaksdal fremjar følgjande forslag til vedtak:

"Kommunestyret ber administrasjonen ta initiativ til at Vaksdal kommune knyter seg til Lyntogforum Vestlandbanen over Haukeli.

Kommunestyret utpeiker ein representant og ein vara som deltakar i forumet.

Deltakar forbereder presentasjon for kommunestyret i etterkant av møter holdt i lyntogforum for Vestlandsbanen".

Kjelder:

(1): <https://www.framtida.no/aktuelt/transport/norge-pa-flytoppen-i-europa.html>

(2): <https://www.nrk.no/norge/7-av-10-vil-velja-tog-framfor-fly-1.7538769>

(3): <http://www.banenor.no/contentassets/d2ebf26a63ad4406bfa9f2213ca80781/urbanet-sporreundersokelse-marknad-for-hoyhastighetstog.pdf>

(4): <https://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=8565>

(5): <http://www.norskbane.no/default.aspx?menu=95>

(6) https://uic.org/IMG/pdf/high_speed_brochure.pdf

(7): <https://www.aftenbladet.no/meiningar/debatt/i/xObw8/Vestlandbanen-over-Haukeli-er-rett-tiltak-til-rett-tid-pa-rett-stad>

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordførar gav slikt svar:

Her var det mange påstandar og koblingar av informasjon. Eg har ei heilt anna verkelegheitsoppfatning. Inngrepa i naturen ved lyntog og høghastighetsbaner må t.d. takast med i klimarekneskapen.

Ordføraren sitt syn er – Sats på Bergensbana!



Me ujamne mellomrom vert høgfartsbane/lyntog over Haukeli lansert som eit alternativ til utbetring av Bergensbana. Høgfartsutgreiinga parkerte etter mi meining denne. No er tida for å halda fast på det ein har sagt før. Bergensbana er den togstrekninga som treng opprusting. Målet må vera Bergen – Oslo 4 timar. 4 timar frå Bergen *sentrum* til Oslo *sentrum*. Det gjer toget til eit konkurransedyktig alternativ til fly.

Arbeidet med rulleringa av Nasjonal Transportplan er starta opp. Her må me kunne forventa at fylkespolitikarane våre held fast på at ny Vossabane som er prioritet nr. 1, og at Hordalandsbenken støttar opp om regionen.

Bergensbana til Oslo bruker i dag 6 timar og 30 minutt. Ny Vossabane gjev ei innkorting på 40 minutt. Ny Ringeriksbane kortar reisetida med 1 time. Mindre tiltak mellom Voss og Finse kortar reisetida ned 40 minutt. Då er me så godt som nede på 4 timar.

Eg er uroa for at nye rundar med lyntogidear der ein i naturvernet og klimaet sitt namn vil byggja ei 14 meter brei bane *i fjell* over Haukeli, *der ingen skulle tru at nokon kunne bu*. Konsekvensane er at toget utelukkande vert ei bane for reisande til og frå ytterpunkta.

80% av reisande med Bergensbana reiser i dag på delar av strekninga. Eg påstår at lyntogideologane er særst nyttige for dei som eigentleg ikkje ynskjer noko betre bane, og ved hjelp av desse idealistane difor kan utsetja opprustinga "litt til".

Det viktigste er ikkje kor toga går, men kor toga stoppar.

Bergensbana må stoppa der folk bur. Eit tenkt lyntog langs Bergensbana ville t.d. stoppa i Arna, Songve i Voss kommune (hutaheiti), Geilo osv. osv. Eit lyntog vil ha ein krevjande kurvatur og stor radius.

Det er mi meining at me må parkera høgfarts- / lyntogdrøymarane ein gong for alle, og utbetra Bergensbana stein for stein, etappe for etappe og erkjenna at lyntogtilhengjarane – *til høgre eller venstre* – eigentleg tener dei som ingen ting vil! Høgfartsbana skal finansierast. I eit klimaperspektiv krev ei bane over Haukeli store naturinngrep noko som gjer at den først vert klimanøytral om mellom 100 og 200 år.

Utbetring av Vossabana og bygging av Ringeriksbana er dei viktigaste tiltaka i høve ei ny og meir framtidsretta Bergensbana.

Ein har starta arbeidet med reguleringsplane for Arna – Stanghelle med tanke på oppstart i 2024. Planlegginga av Stanghelle – Voss må koma i gang for å sikra samanhengjande utbygging.

Eg meiner Vaksdal kommune ikkje skal knyta seg til lyntogforum Vestlandsbana over Haukeli.

Det vart så opna for debatt.

Det vart røysta over framlegget som låg i interpellasjonen - dette fekk 1 røyst (MDG) og fall.



24/2019: INTERPELLASJON FRÅ KJARTAN HAUGSNES - KAN VAKSDAL VERTE EIN «HVITE BUSSE» - KOMMUNE?

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

9. april 2019 er det 79 år sidan Tyskland innvaderte Noreg og 2. verdenskrig kom og til oss.

Historia om 2. verdenskrig er ei historie om dei store slaga, generalane, Pearl Harbour og austfronten. Men historia – kva var egentlig 2. verdenskrig – er historia om folkemordet. Det første industrielle massedrap av menneske, i Warshawa – ghettoen, i Stutthof, Treblinka og Auschwitz – Birkenau. 6 millionar jødar vart drepne over heile Europa. 773 jødar vart deportert frå Noreg og 38 kom heim. Over halvparten av nordmenn som døydde i tyske konsentrasjonsleiarar var jødar.

Antisemittismen og ideane som gjorde det mogleg å myrde 6 millionar menneske lever diverre i beste velgåande. Det er dei same tankane som myrda AUFarar på Utøya 22. juli, som drap 50 muslimar i bøn på øya Christchurch 14. mars 2019

I statsbudsjettet for 2019 vart det vedteke frå regjeringa å bevilge midlar til haldningsskapande turar. Kamp mot rasisme, fascisme og nazisme går gjennom kunnskap.

Hvite busser skriv dette på eigen heimeside: *“Det er en stor glede å lese at regjeringen har bevilget penger for å støtte holdningsskapende turer. i statsbudsjettet står det «midler som klasser kan søke på for å dekke inntil 1/3 av utgiftene til skoleturer i regi av «Hvite Busser» el, som en del av stratgi mot antisemittisme fra skoleåret som starter i august 2019”.*

Dette vil helt klart gjøre det lettere for foreldrene og elever som står på med dugnader for å gi klassen anledning til å reise med de hvite bussene. Dette er penger som skolene kan søke om, der tilskuddet skal kunne dekke opp til 1/3 av kostnadene.

Det vil komme nærmere retningslinjer på hvordan man kan søke på disse midlene, og hvor man skal rette søknaden. Denne økonomiske støtteordningen er et viktig signal om at skoleturene anses å ha stor betydning for å bygge gode holdninger blant ungdom. I Hvite Busser kaller vi det «holdningsberedskap».

Denne økonomiske støtteordningen vil kunne få stor betydning for at kravene i Gratisprinsippet om at alle skal være med, vil bli oppfylt, uavhengig av om familiens økonomi er god eller ikke.”

Som ein kan lese tek ordningen til frå skuleåret 2019/2020

Ein kan lese meir om Hvite busser her: www.hvitebusser.no

Spørsmål til Ordførar.

Vil ordførar ta initiativ til at Vaksdal kommune vert ein “Hvite Busser” kommune?

Forslag til vedtak.

Vaksdal kommune søker om midler til å gjennomføre tur med elevar frå Dale Barne og Ungdomsskule gjennom “Hvite busser” eller tilsvarande, skuleåret 2019/2020.

Kommunestyret 08.04.2019

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.



Ordførar gav slikt svar:

Ordføraren ser positivt på initiativet frå Kjartan Haugsnes om å arrangera elevturar med føremål å auka ungdomar si innsikt om Holocaust og haldningar mot antisemittisme, rasisme og nazisme.

Haugsnes sin argumentasjon for slike reiser støttar eg fullt ut, og eg treng difor ikkje gjenta dei i dette svaret. Både som far og mangeårig lærar i ungdomsskulen ser eg også verdien av slike haldningsskapande tiltak, som dessverre trengst i aukande grad i befolkningen – både i Noreg og resten av Europa.

Etter å ha undersøkt litt meir om saka, ser eg at det også er ein operatør til som tilbyr liknande elevturar: Aktive Fredsreiser. Kanskje det finst fleire.

Eg har også fått informasjon frå ungdomsskulen i Modalen, som på treårig dugnadsbasis har finansierte og gjennomført slike reiser, i deira tilfelle vellukka tur for alle ungdomsskuleelevene med tanke på ein tur kvart tredje år. Sidan våre ungdomsskulekull er langt større, kan det for vårt vedkomande berre vera aktuelt for avgangselevar.

Pris pr elev er avhengig av kor omfattande turopplegg ein tingar.

Men ein pris på minst 6000 kr. pr elev må påreknast. I tillegg kjem eit minimums antal lærarar/foreldre.

Dersom ein får full uttelling på søknad om statleg tilskot, vil prisen kunna verta redusert med ein tredel.

Vurderinga av dette må sjåast på frå fleire sider:

Når på året ein slik tur bør leggjast (jfr. ungdomsskulen sine årsplanar).

Korleis slik tur kan fullfinansierast og handsamast i høve til reglane for gratisprinsippet i grunnskulen.

Kor ofte slike turar bør gjennomførast, slik at alle elevane får dette tilbodet før dei går ut av 10. kl..

Kor stor vekt det skal leggjast på deltaking, evt. alternativt opplegg på skulen for dei som vel ikkje å delta på ein slik tur.

Ut frå desse betraktningane kjem eg med følgjande framlegg til vedtak i dag:

Framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre ser positivt på tanken om å søkja om statlege midlar til elevturar med «Hvite Busser» eller tilsvarande turoperatørar med same føremål.

Før endeleg vedtak vert gjort vert administrasjonen beden om å utarbeida framlegg for korleis og når slike elevturar kan gjennomførast i framtida.

Framlegget må innehalda:

- Faglege planar for innarbeiding av slike turar i ungdomsskulen sine årsplanar.
- Økonomiske alternativ for kommunen og foreldra for finansiering av slike turar.

Endeleg framlegg til avgjerd om denne saka skal fremjast til kommunestyremøtet 17. juni 2019.

Det vart så opna for debatt.

Kjartan Haugsnes trakk sitt framlegg til fordel for ordførar sitt framlegg. Det vart røysta over framlegget som låg i svaret frå ordførar - dette vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 24/2019 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre ser positivt på tanken om å søkja om statlege midlar til elevturar med «Hvite Busser» eller tilsvarande turoperatørar med same føremål.

Før endeleg vedtak vert gjort vert administrasjonen beden om å utarbeida framlegg for korleis og når slike elevturar kan gjennomførast i framtida.

Framlegget må innehalda:

- Faglege planar for innarbeiding av slike turar i ungdomsskulen sine årsplanar.
- Økonomiske alternativ for kommunen og foreldra for finansiering av slike turar.

Endeleg framlegg til avgjerd om denne saka skal fremjast til kommunestyremøtet 17. juni 2019



ORIENTERINGAR

Varaordfører:

- Frå møte i politirådet på Voss

Rådmannen:

Orienteringa blir lagt ut i Møteportalen.

Helse og omsorg v/Solrun Hauglum

- Orientering om prosessen i helse og omsorg
- Gjennomgang av vedtak i praktisk bistand

Orientering frå Forum nye Bergensbanen

v/dagleg leiar Hilde Magnusson

Presentasjonen blir lagt ut i Møteportalen

SPØRSMÅL

Arne Normann

- Om flaumskring av Vossovassdraget
- Om Bergen og omland friluftsråd

Kjartan Haugsnes:

2 skriftlege spørsmål:

Uro i Helse og omsorg

Ber om ei orientering i kommunestyret 8. april kring brevet frå dei tillitsvalde til kommuneleiinga.

Etter det SV kjenner til har det vore kjent for administrasjonen at brevet og er kome politikarar i hende allereie i januar og dei tillitsvalde har oppmoda administrasjonen drøfte brevet med politikarane. Dette er ikkje skjedd og SV vil gjerne vite kvifor.

Rådmannen svarte

Rapport etter synfaring Vaksdal skule

10. august 2018 vart rapport etter synfaring på Vaksdal skule sendt kommunen, med frist til å rette opp avvik innan 15. september 2018. Denne fristen vart seinare forlenga. Orientering om dette skulle etter planen vore på sakskartet til Levekårsutvalet i november 2018, men utsett igjen.

Saka var heller ikkje på kartet til møtet i Levekårsutvalet 18. februar 2019.

Spørsmål

Kan kommunestyret få ei orientering i høve status? Er Vaksdal kommune i mål i høve å lukke avvika i rapporten?

Rådmannen svarte

Tom Charles Johnsen

- Om midlar til å kontrollere vannkvalitet i fjordane, jfr interpellasjon i møte 04.03.2019

Rådmannen svarte

- Om veiarbeid/tunnellarbeid og opningstider for trafikkantane. Ba ordfører ta eit initiativ ovanfor Statens vegvesen

Ordfører svarte



Vaksdal kommune

Boris Groth

- Om Bergsdalen jordbruksfond og møteverksemda
- Om Bergsdalen skule

Ordførar svarte

Line Eide Vik

Om praktisk bistand - kan dei tilsette melda vidare om endra behov for brukarane
Rådmannen v/kommunalsjef helse og omsorg svarte

Jan Hansen

Om skilting av skreiavegen
Rådmannen svarte

Magne Hestad

Om facebook-sida Ung Vaksdal. Er dette ei kommunalt side
Rådmannen svarte

Bjørn Roald

Om gamle vekksette bilar i Kvitaskarvtunnelen
Ordførar svarte